

Visitasforedrag på visitas i Ullensvang 23. mars 2025

Kjære kyrkjelydar i Kinsarvik, Ullensvang, Tyssedal, Odda, Skare, Røldal, Utne og Jondal!

Takk for fine visitasdagar. Gjennom gudstenester, møter og gode samtalar med stab og frivillige og sokneråd har eg blitt godt kjent med kyrkjene og kyrkja i Ullensvang. Eg har møtt kommunen med ordførar og rådmann. Eg har besøkt 7. klasse på Kinsarvik skule og møtte dei eldre på Bråvolltunet. Og har eg fått innføring i både epledyrking og siderproduksjon - med smaksprøvar - på besøk på NIBIO (Norsk Institutt for Bioøkonomi).

Det har vore spennande og lærerikt å vera på visitas i dette store og nye fellesrådsområdet. For det er stort. Og det er rikt. Her er tradisjonar, historisk tyngde og flotte kyrkjebygg. Her skjer det mykje godt og kreativt arbeid. Ulikt frå sokn til sokn. Og alle stader har eg møtt den same driven hos både tilsette og sokneråd, engasjerte menneske som spør: «Kva kan me gjera får å få til eit godt arbeid hos oss? Kva skal til for å vekka og næra det kristeleg liv i vårt sokn?» Når alle har same driv, kjem naturleg også spørsmålet: «Kva kan me få til saman?»

Eg har fått oppleve kor langt de er komne akkurat no. I Odda har eg vore på middagsbøn og på kveldssamling med konfirmantar, Dei stilte med eige band og songgruppe og mange spørsmål til biskopen. I Utne fekk eg oppleve morgonbøn med Utne ungdomskor før eg møtte dei kyrkjeleg tilsette i prostiet. I Tyssedal fekk eg vera med på ei kveldssamling i kyrkja med både barnekor og internasjonalt kor. Etterpå var det basar med åresal i kyrkjekjellaren. - Og tenk, eg vann eit flott grønt pledd. - I Ullensvang fekk eg vera med på morgonbøn, og eg avslutta dagen med kveldsmesse i Kinsarvik. I Røldal fekk eg vera med på skulegudsteneste med kor og musikk frå elevane. Og eg fekk besøka pilegrimsgarden, høyra om pilegrimsarbeidet og historia i Røldal. Det vart til og med tid til å beundra den snart hundre år gamle kyrkja i Skare. Og sist, men ikkje minst, i dag har eg fått feira ei flott gudsteneste saman med dykk alle her i Jondal.

Eg vil seia takk til alle dei tilsette som kvar på sin måte arbeidar saman med sokneråda og får til dette arbeidet. Og ei særskild takk til dykk i sokneråda. Torsdag ettermiddag samla me alle sokneråda og hadde ei samling med gode og konstruktive samtalar om arbeidet. Det kom det fram eit forslag som eg vil gjera til mitt eige. Det var så enkelt: Kan me ikkje gjera dette igjen! Difor seier eg: Minst ein gong i året må ein ha ei samling for alle sokneråd og fellesrådet med samtale om strategi og arbeidet i kyrkjene og kyrkja i Ullensvang.

(Gudstenesteliv) På dette møtet snakka me mykje om gudstenestlivet, om erfaringar med frammøtet, med kveldsgudstenester og ulike typar samlingar. For kyrkja er både ein stad for tilbeding og ein stad for kultur.

I dette arbeidet er det to viktige spørsmål me må stilla oss: Kva fungerer, kva er det folk vil koma på? Og like viktig: Kva vil me halda fast på og formidla?

Me ynskjer at arbeidet vårt skal halda fram det som er bestandig, dei lange linjene, me ynskjer å ivareta tradisjon og verdiar. Me ynskjer å skapa møtestader der folk føler dei kan koma. Me ynskjer at evangeliet om frelsa i Jesus Kristus skal lyda både klart og nært, så menneske kan oppleve Guds kjærleik og nåde formidla i ord og sakrament.

Difor må me feira gudstenester på Herrens dag og gå til gudsteneste. Difor må det vera tilbod om både dåp og nattverd. Difor må me vera utoverretta og innovative, tenka utanfor boksen og spør: Kven vil me nå? Kven tenker at kyrkja er mi? Folk i alle aldrar må få eigarskap til romma sine.

Hald fram med gudstenestearbeidet, finn fram til ein god gudstenesterytme i samarbeid med prostten. Prøv ut kveldsgudstenester og nye gudstenesteformer, men hald fast på søndagen som dagen for kyrkjelyden si hovudgudstenesta anten gudstenesta vert kl 11 eller 17. Så kan kvardagsmesser koma i tillegg.

(Strategi) Det står i visitasmeldinga at ein ikkje har arbeidd systematisk med strategi og mål. Men det vil eg utfordra dykk til å gjera, for eg synes at de alt arbeidar strategisk. Det handlar ikkje om å skriva store strategidokument eller lange planar, men om å vera systematisk og finna eit eller to område der de kan nå lenger ved å samarbeida. Dette kan de ta

opp når sokneråda møtes igjen. Her kan bispekontoret tilby hjelp til å koma i gang med strategisamtalen. Det er laga eit strategiverktøy for sokneråd som heiter «Kyrkja vår- samla plan for arbeidet i soknet» som gjer det lettare med samhandling mellom tilsette og sokneråd.

(Trusopplæring, Barne og ungdomsarbeid) Det var flott å lesa om at trusopplæringa no har fått eit oppsving med nye tiltak som Småbarnskafé, Minikyrkje, Biblioteksamling i tillegg til opplæring knytt til søndagsskule, korarbeid og Lys vaken Tårnagent og utdelingar. Sjølv fekk eg gleda av å vera med på Utekyrkje med grilling og leik og bibelforteljing i Kinsarvik onsdag.

I barne- og ungdomsarbeidet er det viktig at ein tenker samanheng og samarbeid. Det vart sagt noko klokt på møtet med sokneråda, at når ein vil gjera noko for ungdom etter konfirmasjonstida må ein starta med å bygga relasjonar til ungdomane allereie i tweens-alder. Det er å tenka samanheng, å satsa på å føra vidare dei ein bygger relasjon til. Skal ein få til noko for fjorårskonfirmantar er det viktig å tenka samarbeid mellom sokna. Det ikkje er alltid lett å driva leiartrening, men det er lettare å få til Milk, minileiarkurs eller andre tilbod dersom ein gjer det saman, slik som konfirmantarbeidet no er saman i fleire sokn.

(Diakoni) De skriv i visitasmeldinga at de ynskjer å styrka den diakonale dimensjonen ved det å vera kyrkje. Det er ei god målsetjing, for det betyr at diakoni ikkje berre er diakonen si oppgåve, sjølv om de har ein dyktig diakon, men det er noko som gjeld alt de driv med, anten det er gudstenester, samlingar, opplæring, kor eller basar.

Det betyr og at ein må sjå kyrkja som del av den lokale kulturen og tenka samhandling med lokale institusjonar innan skule, kultur og helsetenester. Det gjer de alt, til dømes når de har diakonale tilbod til barn og unge som satsingsområde og gjev skuleelevar i Odda tilbod om pilegrimsvandring. Det skjer og når de har inkluderande fellesskap for psykisk utviklingshemma i Kinsarvik.

(Kyrkjemusikk) De har dyktige kantorar og organistar som løfter gudstenester og samlingar med musikken og korarbeidet. Eg merkar at dei har arbeid med å finna den tonen som skal klinga og gje gjenklang akkurat

her. Det er ein rikdom for kyrkjene og kyrkja i Ullensvang som eg er takksam for at eg har fått del i desse dagane.

(Takk til kommunen) Eg vil takka kommunen for ein god dialog og gode møte med ordførar og rådmann. Takka for at de ser kva kyrkja kan bidra med i lokalsamfunnet og at det er verdifullt for kommunen.

(Takk) Til slutt vil eg takka alle som har vore med å gjera dette til ein flott visitas med mange gode opplevingar. Eg vil takka prestane, soknerådsrådsleiar, kyrkjevevje og alle dei i stabane som har vore med å skrive visitasmeldinga, som inneheld mykje god informasjon. Takk til staben for god tilrettelegging og takk til alle frivillige som har bidratt. Takk også til prost Arild Hellesøy som har vore med å planlegga og gjennomføra visitasen, og som er biskopens utstrekke arm til sokna i Hardanger og Voss, og til Ullensvang når biskopen ikkje er her.

Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Og om eit halvt år vil eg ha ein rapport om korleis de har arbeidd med dette:

- Gå til gudsteneste regelmessig, og finn fram til ein god gudstenesterytme i samarbeid med prosten. Prøv ut kveldsgudstenester og nye gudstenesteformer, men hald fast på søndagen som dagen for kyrkjelyden si hovudgudsteneste.
- Lag til ei samling for alle sokneråd og fellesrådet minst ein gong i året der de kan halda fram med den gode samtalen om strategi og dela erfaringar i kyrkjelydsarbeidet.
- Lag strategi. Stab og sokneråd må halda fram den gode samtalen om kva de vil, både i sokna og i kyrkja i Ullensvang. Vel ut ei eller høgst to ting de vil satsa på saman og arbeid langsiktig med det.

Og med desse utfordringane takkar eg for meg. Eg reiser heim med mykje takksemd i hjarta og ynskjer Guds velsigning over folket i Kinsarvik, Ullensvang, Tyssedal, Odda, Skare, Røldal, Utne og Jondal.

Björgvin bispestol, 23. mars 2025

Ragnhild Jepsen

